



Gloppen kommune  
Grandavegen 9  
6823 SANDANE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Gloppen kommune – godkjenning av budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbankens oppgåver for dette fagområdet overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Gloppen kommunestyre har i møtet 13.12.2021, sak 88/2021, handsama og vedteke budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Statsforvaltaren skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- Budsjett for 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025 er godkjent.**
- Låneramme til investeringar i anleggsmiddel er godkjent med 40,6 mill. kroner, av dette er lån til VA-investeringar 20 mill. kroner.**
- Lån frå Husbanken til vidare utlån er godkjent med 5 mill. kroner.**

### Oppsummering

Det blir framleis viktig å jobbe mot dei langsiktige målsetjingane, og opparbeide seg ein nødvendig økonomisk buffer mot uføresette hendingar og sikre handleevna til kommunen framover.

Investeringane er moderate i perioden. Dette er òg nødvendig for å unngå at stadig meir av inntektene går med til å dekke rente- og avdragsutgifter.



Vi vurderer at kommunen har god kontroll og styring, og at den økonomiske utviklinga no er på rett veg. Både kommunen, administrasjon og politisk leiing har lukkast med å arbeide seg ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon.

### Budsjettet 2022

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 7,45 mill. kroner, som utgjer 1,24 prosent av driftsinntektene. Av driftsresultatet er det budsjettet med at 2,65 mill. kroner skal nyttast til dekning av tidlegare års underskot, og resten vert avsett til fond.

I førebels rekneskap for 2021 viser tala eit netto driftsresultat på 27,4 mill. kroner, som utgjer 4,4 prosent av brutto driftsinntekter. Dette er eit godt resultat som truleg gjer at alt meirforbruk vert dekt inn i 2021, og at ein i tillegg kan setje av midlar til å styrke disposisjonsfondet.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 421,85 mill. kroner. Prognosene etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2022 er på 421,10 mill. kroner. Kommunen budsjetterer derfor i samsvar med prognosemodellen til KS. Det er ikkje budsjettert med ekstra midlar til pandemien frå 2022.

Av andre budsjetterte sentrale inntekter og utgifter samanlikna med 2021, er det budsjettert ein auke i inntekter frå kraft og utbytte frå SFE og Gloppen Energi på samla om lag 4,5 mill. kroner. I tillegg er det lagt inn ein auke på 2,8 mill. kroner i tilskot til flyktningar. Eigedomsskatt blir vidareført med om lag same beløp på 20,8 mill. kroner.

Budsjettet viser at alt attståande meirforbruk frå 2019 (2 650 000 kroner) var planlagt inndeikt i 2022.

Førebels rekneskap for 2021 viser eit resultat som ligg godt over dei budsjetterte tala og meirforbruket kan bli betalt inn i 2021. Kommunen vil då kunne meldast ut av Robek etter at rekneskapen for 2021 er godkjent av kommunestyret.

### Investeringsbudsjettet 2022

Det er planlagt brutto investeringar i driftsmidlar for om lag 47 mill. kroner. Av dette utgjer 20 mill. kroner investeringar i vatn og avløp. Det er vedteke å ta opp lån til finansiering av investeringane på 40,6 mill. kroner, og eit låneopptak på 5 mill. kroner frå Husbanken til vidare utlån.

Langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforplikting) per 31.12.21 utgjorde om lag 790 mill. kroner, som utgjer 121,7 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utgjorde 114,9 prosent, og snittet for Vestland utgjorde 105 prosent i 2021.

### Økonomiplan 2022 – 2025

*Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løvyingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.*

Det er budsjettert med svake netto driftsresultat i perioden. Tabellen viser driftsresultat i kroner og prosent for økonomiplanperioden:



	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Kr.	7 458 000	3 758 000	3 508 000	3 308 000
Prosent	1,24	0,62	0,5	0,54

Det er ikkje lagt inn vesentlege endringar i budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot i planperioden, eller i andre inntekter eller utgifter.

Det er lagt opp til moderate investeringar dei to første åra i perioden, og ein auke i 2025 som følgje av investering til nye Hyen skule. Samla investeringar utgjer 140,7 mill. kroner dei tre siste åra, der 54 mill. kroner er investeringar knytt til sjølvkost. Investeringane skal finansierast med nye låneopptak på 123,9 mill. kroner i tillegg til bruk av fond.

Rente- og avdragsutgifter aukar i takt med låneopptak frå 40,3 mill. kroner i 2022 til 50,2 mill. kroner i 2025.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Gloppen kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Disposisjonsfond, langsiktig mål 5 prosent. Bruken skal ikkje overstige 50 % i løpet av ein fireårsperiode.
- Netto driftsresultat opp på anbefalt nivå 1,75 prosent
- Langsiktig mål om ei renteberande gjeld i prosent av driftsinntekter på 65 prosent  
(Bør ikkje vere større enn 97 prosent av driftsinntekter. VAR-områda vert her haldne utanfor)

I budsjett- og økonomiplan perioden 2022 – 2025 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	<b>mål</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Disposisjonsfond	2,28 %	1,29 %	3,01 %	4,75 %	6,49 %
Netto driftsresultat	0,18 %	1,24 %	0,62 %	0,58 %	0,54 %
Langsiktig gjeld ( ekskl. VAR)	65 %	95,1 %	95,5 %	95 %	96,8 %

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Som nemnt ovanfor er førebels rekneskap for 2021 vesentleg betre enn budsjettet. Dette får positiv verknad også for netto driftsresultat for 2022 og disposisjonsfondet. Utgangspunktet for planperioden og måltala er positivt endra, så sant dette resultatet blir det endelege.

Det blir framleis viktig å jobbe mot dei langsiktige målsetjingane, og opparbeide seg ein nødvendig økonomisk buffer mot uføresette hendingar og sikre handleevna til kommunen framover.

Kommunen har jobba godt med å redusere driftsnivået siste åra. Samstundes ser vi at pandemien har gjort sitt til at ikkje alle innsparingstiltaka er nådde, og at enkelte oppgåver er utsette. Utfordringsbildet er variert både med tanke på framtidige utgifter, og at det ikkje er alle nødvendige inntekter som kommunen rår over sjølve.



Investeringane er moderate i perioden. Dette er òg nødvendig for å unngå at stadig meir av inntektene går med til å dekke rente- og avdragsutgifter. I dei tre første åra i perioden utgjer investeringar i VAR, som er sjølvfinansierande, om lag halvparten av investeringane. Det siste året aukar investeringane som påverkar driftsrekneskapen.

Folketalet har hatt ei positiv utvikling siste åra, sjølv om demografien tilseier at personar over 67 år utgjer ein stadig større del av innbyggjarane i Gloppen.

Vi vurderer at kommunen har god kontroll og styring, og at den økonomiske utviklinga no er på rett veg. Både administrasjonen og politisk leiing har lykkast med å arbeide seg ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon.

Vi legg opp til å melde kommunen ut av Robek etter at årsrekneskapen for 2021 er vedteken i kommunestyret og innsendt til oss.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån for Gloppen kommune. Departementet har delegert dette myndet til Statsforvaltaren.

**Vedtak:**

**Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Gloppen kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Gloppen kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2022 – 2025 er godkjent med følgjande låneopptak i 2022:**

- VA-investeringar 20 mill. kroner.
- Investeringar i andre anleggsmiddel 20,6 mill. kroner.
- Lån frå Husbanken til vidare utlån 5 mill. kroner.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*